



Halvard Miljeteig  
Jonsterhaugen 5  
5109 HYLKJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2627 - 16/33710

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
08.12.2016

## Igangsettingsløyve for etablering av bustadhus - gbnr 171/10 Seim

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Halvard Miljeteig  
**Ansvarleg søkjar:** Halvard Miljeteig  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av bustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 169 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 192 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og minireinseanlegg, samt opparbeiding av avkøyrsløp, interne vegar og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.07.16 og supplert sist 25.11.16.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå landbrukskontoret

Det er innhenta slik uttale i frå Lindås Kommune sitt landbrukskontor:

*«Ny eigar har starta opp med dyrehald og har planer for å auke på med dyrehald.*

*«Dette er innafor landbruksbegrepet.»*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.  
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 05.07.16.  
Nærmaste avstand til nabo er ikkje målsatt. Men dette er ei stor landbrukstomt, og nytt tiltak er ikkje i konflikt med avstandskrav etter Plan- og bygningslova.  
Avstand til offentlig veg er opplyst å vere 47 meter.  
Det er søkt om mønehøgde på ca. 5,9 m og gesimshøgde på ca 3,3 m.

#### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.  
Tiltaket skal knytast til privat avlaup i form av minireinseanlegg.  
Tomta har i dag borehol som drikkevasskilde.  
Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak 16/2627. Utsleppsløyve gjeld for minireinseanlegg.

#### Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.  
Avkøyrsløp til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i sak 16/2627, vedtaksdato 27.10.16.  
Situasjonsplanen viser oppstillingsplass for 2 bilar.

#### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppfallsareal, parkering og avkøyrsløp.  
Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Personleg ansvarsrett som sjølvbyggjer

Halvard Miljeteig har søkt om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjer for følgjande ansvarsområder:

1)SØK,ansvarleg søker

2)PRO, ansvarleg prosjekterande av nytt våningshus

3)UTF,ansvarleg utførande for graving,planering,oppføring av grunnmur,tømrer og snekkararbeid.

Søknaden om ansvarsrett som sjølvbyggjer vert vurdert etter SAK 10 § 11-4.

VEDTAK:

**Med heimel i SAK 10 § 11-4 vert Halvard Miljeteig gjeve personleg ansvarsrett som sjølvbyggjer for følgjande ansvarsområder: SØK,ansvarleg, PRO,ansvarleg prosjekterande for nytt bustadhus og UTF, ansvarleg utførande for graving,planering,oppføring av grunnmur,tømrer og snekkararbeid.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak igangsettingsløyve for oppføring av bustadhus på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 05.07.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i sak 16/2627, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
3. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 27.10.16 godkjent situasjonsplan datert 27.10.16.
4. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
5. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
6. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1, jf pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg og tilhøyrande røyrssystem på fylgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal etablerast driftast og vedlikehaldast i samsvar med utsleppsløyve.
2. Før ferdigattest/Mellombels bruksløyve vert gjeve skal det utarbeidast ei serviceavtale for dette anlegget, kopi av dette skal sendast til kommunen.
3. Anlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast av godkjent foretak.
4. Anlegget eller deler av anlegget kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombelt bruksløyve/ferdigattest.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2627**

*Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

*Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

*Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

*Mellombels bruksløyve/Ferdigattest*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Halvard Miljeteig

Jonsterhaugen 5 5109

HYLKJE